

# Årsrapport 2011

---



BARNEOMBUDET

## Innhald

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>4</b>
<b>2. Mål- og resultatoppnåing</b> .....	<b>4</b>
Førespurnader og utsegner på brev og e-post .....	4
Telefonførespurnader .....	4
Klar melding inn.....	4
Medieoppslag .....	5
Uromeldingar til barnevernet .....	5
Bruk av innsynsretten.....	5
Høyrings svar frå Barneombodet .....	5
Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar .....	6
Fråsegner til offentlege styresmakter .....	6
Talet på påbegynte og gjennomførte prosjekt .....	7
Kommunikasjon med barn 2011 .....	7
Innspeil til offentlege utval .....	8
<b>3. Faglege mål 2011</b> .....	<b>8</b>
1. Arbeide for verkeleggjeringa av rettane i barnekonvensjonen i Noreg .....	8
Merknader frå FNs barnekomité.....	8
Lovendringar for å sikre barn sine rettar .....	9
2. Arbeide for at dei generelle prinsippa i barnekonvensjonen blir sikra i Noreg (ikkje-diskriminering, til det beste for barnet og respekt for barnet sine synspunkt).....	9
Ikkje-diskriminering.....	9
Barn som tolk .....	9
Respekt for barnet sine synspunkt.....	9
Stemmerett for 16-åringar ved kommuneval .....	10
Ungdommen si nasjonalforsamling.....	10
Barn og unge tek del i eiga sak.....	10
Barn skal være med på å peike ut nytt barneombod .....	10
3. Arbeide for at barn sine sivile rettar blir sikra i Noreg.....	10
Trus- og livssynsfridom.....	10
Retten til informasjon .....	11
4. Arbeide for å sikre barn sine retter i familien og under alternativ omsorg.....	11
Barn sine rettar i familien.....	11
Innspeil til handlingsplanen mot vald i nære relasjonar.....	11
Alarmtelefonen for barn .....	11
Betre undervisning om vald og seksuelle overgrep i skolen.....	11
Barn med foreldre i fengsel.....	11
Barn og samlivsbrot.....	12
Barn under alternativ omsorg .....	12
Ressursar til barnevernet .....	12
5. Arbeide for betre helse for barn .....	13
6. Arbeide for betre tilgang til utdanning, fritid og kulturelle aktivitetar.....	13
Betre tilgang til tilpassa undervisning og til eit godt skolemiljø .....	13
Betre kunst- og kulturtilbod for barn .....	14
7. Arbeide for at barn får spesielle forsvarstiltak .....	14

Utlendingsfeltet.....	14
Barn i konflikt med lova.....	15
Menneskehandel.....	15
8. Arbeide for å vidareutvikle og styrke det internasjonale engasjementet hos Barneombodet .....	15
<b>4. Rapportering rekneskap, personalforvaltning med meir.....</b>	<b>15</b>
Regnskap 2011 .....	15
Anna rapportering.....	16
Personalforvaltning og internkontroll.....	16
Inkluderande arbeidsliv.....	16
Lærlingar i staten.....	16
Aktivitets- og rapporteringspliktar .....	17
Arbeidet for å fremje likestilling og hindre diskriminering.....	17
Samfunnstryggleik og beredskap .....	17
Krav om risikostyring.....	17
Etiske krav i samband med offentlege innkjøp.....	19
IKT-arkitektur.....	20
Brukarundersøkingar.....	20

## 1. Innleiing

Det går fram av lova om barneombod at Barneombodet sine overordna oppgåver er å fremje barn sine interesser i samfunnet, og følgje med på om lovverket, forvaltinga og rettspraksisen samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barn sine rettar. Barneombodet skal etter instruks § 8 kvart år rapportere til Barne,- likestillings- og inkluderingsdepartementet om verksemda i det føregåande året.

## 2. Mål- og resultatoppnåing

### Førespurnader og utsegner på brev og e-post

På brev og e-post fekk vi i 2011 inn 3560 førespurnader, mens vi sende ut 2142 brev og e-postar. I alt har vi tatt i mot og ekspedert 5702 brev og e-postar. Det er ein auke frå 2010 på inngåande dokument, noko som kan skuldast meldinga på telefonsvararen som ber vaksne vende seg til oss per brev eller e-post. Ei gledeleg nyheit er at det no kjem fleire e-postar direkte frå barn inn til Barneombodet.

	2008	2009	2010	2011
Inngåande dokument	3245	3403	3258	3560
Utgåande brev	2065	2005	2155	2142
Total mengde dokument	5310	5408	5413	5702

### Telefonførespurnader

I 2011 vart 290 telefonar registrert skriftleg og fylgde opp av rådgjevarane våre. Resten fekk eit kort svar eller vart vist vidare til andre instansar. Vi har oppretthalde telefonbeskjeden på sentralbordet som oppfordrar vaksne privatpersonar om å vende seg skriftleg til Barneombodet, anten per brev eller e-post. I samband med flytteprosessen i slutten av 2011 vart dei gamle telefonapparata våre kassert, og diverre vart dei ikkje lest av, slik at det ikkje har latt seg gjere å registrere tal på telefonar totalt.

### Klar melding inn

Totalt tal på meldingar i 2011 var 350.

Meldingane fordelte seg på kategoriar på denne måten:

Familie	46
Barn og unges rettar	23
Foreldre som ikkje bur saman	29
Kva bestemmer foreldre	32
Skole	63
Mobbing	20
Fritidsaktivitetar	3
Pengar og jobb	22

Venner	8
Helse	9
Psykisk helse	14
Rus, dop, røyking og alkohol	10
Vald og overgrep	9
Bilete, internett og media	1
Medbestemming og påverknad	1
Barnevern	23
Andre meldingar	37

## Medieoppslag

I 2011 vart Barneombodet omtalt i totalt 1961 saker i media. Saker som refererer til Barneombodet sitt kontor er presentert i papirformat, på web og i radio og TV. Barneombodet brukar Retriever som medieovervakingsverktøy.

## Uromeldingar til barnevernet

Barneombodet sende 13 uromeldingar til barnevernet i 2011. Det er ein vesentleg auke i talet på uromeldingar frå året før, då vi sende tre. Antakelig skuldast auken både betre rutinar for melding, og auka medvit hos dei tilsette på kontoret om vårt ansvar som offentleg meldar. Barneombodet får som offentleg meldar tilbakemelding om korleis innmelde saker blir fylgde opp.

## Bruk av innsynsretten

Barneombodet sende inn krav om innsyn i fem saker i 2011. Også her er det etablert betre rutinar for når og korleis det ein skal be om innsyn.

## Høyrings svar frå Barneombodet

Barneombodet leverte 57 høyrings svar i 2011. Av de viktigaste kan desse nemnast:

- Høyring om styrka tilsyn med ivaretakinga av språket og kulturen til samiske barn som er tekne hand om av barnevernet
- Forslag om innføring av etterforsningsplikt ved plutselig og uventa barnedød
- Høyring på rapporten "Kulturskoleløftet-kulturskole for alle"
- Forlag om busetjingsordningar for flyktningar med mål om raskare busetjing
- Høring om politiattest
- Høyring - rundskriv om krav til omsorgsarbeid for einslege mindreårige i mottak
- Høyringsnotat om rituell omskjering av gutar
- Høyring - forslag til revidert forskrift om talsperson for barn i saker som skal handsamast i fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker
- Høring NOU 2011:7 I velferdsstatens venterom, om mottakstilbodet for asylsøkjjarar
- Høyring – Samhandlingsreforma- forslag til forskriftsendringar og nye forskrifter som følgje av Prop 91. L (2010-2011) Lov om kommunale helse og omsorgstenester

- Høyring - Forslag til endring i utlendingslova og utlendingsforskrifta - Avslag på søknad om familieinnvandring frå særkullsbarn ved fare for seksuelle overgrep og tilgang til familieinnvandring for barn av moglege ofre for menneskehandel
- Høyring- NOU 2011:14 Betre integrering
- Høyring - forslag til endringar i opplæringslov og privatskolelov- Nasjonal bestemming om lærartettleik i grunnskolen m.m.

## Informasjonsarbeid/foredrag/publikasjonar

Barneombodet heldt 70 foredrag i 2011 over hele landet. Ein stor del av Barneombodet sitt informasjonsarbeid er opplæring i barn sine rettar for ulike faggrupper.

Barneombodet har i løpet av året utarbeidd ein kommunikasjonsstrategi som tar utgangspunkt i kommunikasjonspolitikken i staten. Kommunikasjonsstrategien er laga for å få ein meir målbevisst kommunikasjon av Barneombodet sine standpunkt.

I april 2011 publiserte Barneombodet ei stor årbok for 2009/2010 som ei oppsummering av dei viktigaste sakane vi har arbeidd med i dei to åra. Vi har publisert ein rapport frå ekspertgruppa med barn på sjukehus, og laga ein PDF av rapporten frå barn som lever i kommunale bustadar. Vi har også publisert ein rettleiar for korleis ein skal gå fram for å sikre betre fysisk inneklima på skulane.

I mars 2012 publiserer vi ein avsluttande rapport for Reidar Hjermann sin periode som barneombod. Rapporten «Status for barn sine rettar» tar for seg ei rekkje utfordringar i oppveksten til barn i Noreg. Barneombodet gjev anbefalingar om tiltak som kan sikre barn sine rettar.

## Fråsegner til offentlege styresmakter

I 2011 begynte vi å systematisere utsendinga av brev frå Barneombodet til offentlege styresmakter. I disse breva gjev vi uttrykk for Barneombodet sine synspunkt og bekymringar for ivaretakinga av barn innanfor ulike sektorar av samfunnet. Slik sett er dei «fråsegner frå Ombodet». Alle breva er publisert på våre nettsider.

Tittel	Sendt til	Dato
Veiledningstjenesten slettmeg.no	FAD + kopier	13.12.2011
Om oppfølgingsstudie til FNs studie om vald mot barn	BLD/JPD	12.10.2011
Vedrørende barn i fengsel	JPD	14.04.2011
Undervisning i skolen om incest og seksuelle overgrep	HOD	08.04.2011
Når foresatte har en funksjonsnedsettelse - Tilskudd til fritidshjelpemidler etter fylte 26	BLD/AD	23.02.2011
Nedleggelse av tilbud ved de statlige spesialpedagogiske kompetansesentrene (døveskolene)	KD	16.02.2011
Bruk av tvang i psykisk helsevern for barn og unge	HDIR	04.02.2011
Beskyttelse av barna i overgrepssaken i Østerdalen	Riksadv. og DA	25.01.2011
Barn i Thailand med norsk mor eller far	BLD	17.08.2011
Omsorgs- og utdanningstilbud for enslige mindreårige i Afghanistan	JD	23.11.2001

Statsborgerskap til barn av foreldre med uavklart identitet	BLD	04.04.2011
Barn og unge i Karasjok	Karasjok kommune	26.10.2011

## Talet på påbegynte og gjennomførte prosjekt

Barneombodet sette i gang og gjennomførte tre større prosjekt i 2011. På våren fekk heile kontoret opplæring i bruk av prosjektverktøy. Vi fekk også tilgang til malar som vi skal bruke for å styre prosjektprosessar hos oss. I alle prosjekta vi har sett i gang etter dette, har vi brukt prosjektverktøyet for å styre prosessen godt.

Det første prosjektet vi sette i gang med i 2011 var «Klarspråk hos Barneombodet» - eit prosjekt med mål om å forenkle språket vi brukar når vi kommuniserer skriftleg med omverda. Prosjektet fekk støtte av Difi, og omfatta intern opplæring i å bruke enklare språk, språkvask av tekstar og auka bevisstheit om korleis vi skriv i brev og høyringsvar. Prosjektet har ført til ei radikal endring i språkbruken hos Ombodet, noko som er særst viktig for oss som også skal kommunisere med barn.

På bakgrunn av mange førespurnader til Ombodet starta og gjennomførte vi i 2011 eit prosjekt om barn som opplever konfliktfylte samlivsbrot. Målet for prosjektet var å komme med anbefalingar som kan sikre at barn sine stemmer kjem betre fram i desse vanskelege sakene. Prosjektet er omfattande, og ein prosjektrapport på 60 sider vil bli lansert i slutten av februar 2012.

Barneombodet har i 2011 også hatt særleg fokus på barn av personar som er utvist frå landet. Barneombodet hadde ei eiga ekspertgruppe med barn som har utviste foreldre, og vi lanserte ein rapport med deira og våre anbefalingar i februar 2012.

Barneombodet har også gjennomført eit mindre internt prosjekt om aldersgrenser og livsrøynda hjå barn. Prosjektet blei gjennomført fordi vi får jamlege førespurnader både frå barn og vaksne om når barn er modne nok til å gjøre kva. Prosjektet munnar ut i ein intern rapport og opplæring i løpet av mars 2012.

## Kommunikasjon med barn 2011

I 2011 har Barneombodet hatt fire ekspertgrupper. Ei ekspertgruppe er ei gruppe med barn som har ulike erfaringar. Barna møter ombodet og fagstaben ca fire gonger, og vi lagar saman ei rekke anbefalingar til norske myndigheiter om kva som kan gjerast for å betre forholda for barn som er i same situasjon som barna i ekspertgruppa. Ekspertgruppene i 2011 hadde erfaring med å leve i kommunale bustader, vere innlagde på sjukehus, ha foreldre som går frå kvarandre og ha foreldre som er utviste frå landet. På slutten av året etablerte vi også ei gruppe med overlevande frå Utøya. Desse fortset sitt arbeid inn i 2012.

I tillegg hadde Ombodet eingangsmøter med ei rekke barn; avhoppingar frå karismatiske trussamfunn, omskorne gitar, Vestfold fylkesleivråd, ungdom på Sogn vidaregåande skule om ungdomshelsetenesta, "Vanlig men vondt", barn med erfaringar frå rettsakar om

barnefordeling og gateborn i India. Desse møta hadde vi i samband med foredrag og prosjekt, eller for å lære meir om kva ungdom tenkjer om fagfelt vi arbeider med.

Barneombodet sitt ungdomspanel har fått nye medlemmer, og har i 2011 blitt involvert i tilsetjingsprosessar hos oss. Dei har i alt intervjuet seks kandidatar i samband med nytilsetjingar hos Ombodet. Dette har vært svært viktig for oss fordi alle som arbeider hos Barneombodet skal være gode til å kommunisere med barn og unge. Vi ønskjer også å gå føre som eit godt eksempel for andre offentlege etatar.

### **Innspel til offentlege utval**

Barneombodet har i 2011 gitt innspel til fem offentleg nedsette utval og ein handlingsplan. Innspela våre har blitt tatt godt i mot, og har hatt verdi for innhaldet i rapportane som utvala har kome med. Innspel blei gitt til desse utvala:

- Ungdommen si maktutgreiing
- Betring av utdanninga for velferdstenestene
- Ny handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Raundalen-utvalet
- Trus- og livssynspolitisk utval
- Enger-utvalet

Innspela finst på nettsidene våre. Dei blir også kommentert kort nedanfor.

## **3. Faglege mål 2011**

Mål for Barneombodet i 2011 går fram av St. prp. Nr 1 (2010-2011). Under følgjer måla i nummerert rekkjefølgje, med skildring av vårt arbeid for å nå måla, og resultatata for året.

### **1. Arbeide for verkeleggjeringa av rettane i barnekonvensjonen i Noreg**

#### **Merknader frå FNs barnekomité**

I 2011 - som i 2010 - har Barneombodet hatt som ei sentral oppgåve å følgje opp rapporteringa til FN sin Barnerettskomité i Genève. Dei avsluttande merknadane frå komiteen vart publisert i januar 2010. Det var vore viktig for Ombodet å bruke merknadene aktivt i arbeidet vårt, og å bidra til at dei blir kjent. Ombodet har også arbeida for at Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet skal leggje til rette for ein god og gjennomsiiktig prosess for oppfølging av merknadene frå FN. Departementet har no satt i gang en prosess som er inkluderande og ryddig. Barneombodet er fornøgd med departementets innsats.

Departementet har i tillegg, etter oppfordring frå Ombodet, oversatt dei generelle kommentarane frå barnekomiteen til norsk.



## Lovendringar for å sikre barn sine rettar

I løpet av 2011 har det kome fleire lovendringar/forslag til endringar som Barneombodet har vore pådrivar for å få gjennomført. Her er nokre eksempel:

- Lovforslag frå regjeringa om setebelte og sitteplass for barn på skolebuss.
- Utlendingsforskrifta § 17-1a er endra slik at til det beste for barnet-vurderinga skal komme tydeligare fram i vedtak.
- Barn som trenger hjelp frå fleire tenester har rett til å få ein koordinator før dei får utarbeidd ein individuell plan.
- Pasientrettslova § 7-6 blir *ikkje* endra slik at det skal leggast stor vekt på det kommunale sjølvstyret.

Barneombodet har i mange år kritisert styresmaktene for at barn har for lite kunnskap om barnekonvensjonen. I løpet av 2011 ga vi vårt eige bidrag til å spreie rettane ut til barn og unge. Vi produserte youtube-videoar om alle artikkane i barnekonvensjonen, og publiserer videoane fortløpende. Desse er meint til bruk i skolen for barn i alder 11-18 år. Redd Barna har også laga eit opplegg for barnehagar og småskolar om barnekonvensjonen, med støtte frå blant anna BLD. Trass i dette meiner vi at det bør gjerast grep i læreplanverket for å sikre at kunnskap om barnekonvensjonen når ut til alle barn i norsk skole.

## 2. Arbeide for at dei generelle prinsippa i barnekonvensjonen blir sikra i Noreg (ikkje-diskriminering, til det beste for barnet og respekt for barnet sine synspunkt)

### Ikkje-diskriminering

#### Barn som tolk

Barneombodet ser store utfordringar på tolkefeltet i Noreg. Ombodet fryktar at delar av befolkninga som ikkje beherskar norsk får eit utilstrekkeleg tilbod frå det offentlege. Utilstrekkelege tolketenester råkar barn både ved at barn blir brukte som tolk, og ved at tolketenesta i saker der barn er involvert ikkje er god nok. Barneombodet har fokusert på to tilhøve som bør takast betre vare på. Det eine er korleis ein hindrar at barn blir brukte som tolk. Det andre er korleis ein sikrar god tilgang til tolk i saker som involverer barn.

Arbeidet på tolkefeltet har halde fram i 2011. Landsmøtet i Arbeidarpartiet vedtok å gå inn for eit forbod mot å bruke barn som tolk. Det er også gledelig å sjå at Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet no har satt ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere korleis ein kan fremje eit lovforslag om forbod mot å bruke barn som tolk.

### Respekt for barnet sine synspunkt

Barneombodet ga i 2001 et fyldig innspel til Ungdommen si maktutgreiing, der vi foreslår ei rekkje tiltak for å betre barns rett til deltaking og påverknad i samfunnet. Innspelet finst på våre nettsider.

I tillegg har vi arbeidd med desse sakene:

### **Stemmerett for 16-åringar ved kommuneval**

Sidan 2007 har Barneombodet jobba intensivt for at det skal bli gjennomført forsøk med stemmerett for 16-åringar ved kommunevala. Regjeringa gjekk i 2008 inn for dette, og i 2009 vart det endelig vedtatt i Stortinget at ein skulle gjennomføre forsøk ved kommunevalet i 2011. 20 kommunar og Longyearbyen vart tatt ut til å delta i forsøket.

Ombodet gjennomførte saman med LNU i 2011 ein omfattande turné til dei fleste av forsøkskommunane for å motivere kommuneleiinga og ungdommane til å gjennomføre eit godt val. Der møtte vi ungdom og vaksne politikarar for å auke motivasjonen for val. Valdeltakinga blei svært høg blant 16-17 åringane. Barneombodet arbeider no vidare for å sikre at prøveprosjektet blir til ei permanent ordning.

### **Ungdommen si nasjonalforsamling**

Barneombodet og BURO tok i 2010 saman initiativ til å arrangere eit forsøk med ei eiga nasjonalforsamling for ungdom. Vi viser til eigne publiserte rapportar for nærare skildring av arrangementet. I 2011 har Barneombodet drive aktivt lobbyarbeid for å sikre at prøveprosjektet blir til ein permanent ordning. Det var med glede vi mottok brev frå Stortinget i desember 2011 om at det er sett ned ei arbeidsgruppe som har ansvar for å arrangere ungdommen si nasjonalforsamling i regi av Stortinget i 2012.

### **Barn og unge tek del i eiga sak**

#### **Barn skal være med på å peike ut nytt barneombod**

Barneombodet sende i slutten av 2010 eit brev til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet om ein betre prosess for utnemning av nytt barneombod. Vi meinte at barn skulle være med i prosessen med å intervju kandidatar. I 2011 fekk vi svar frå departementet om at dei ønskte å involvere barn i prosessen. I skrivande stund har det vore ein god prosess med utveljing av barn og opplæring av desse i intervju med kandidatar til stillinga. Vi gler oss til fortsetjinga, og synst det er flott at departementet har gått føre som eit godt eksempel for andre statlige verksemder.

Barneombodet ytra i 2011 i tillegg ønskje om at barn skal få moglegheit til å delta i tilsetjingsprosessar av lærarar ved skolane i landet. Dette forslaget har fått blanda mottaking, og Ombodet arbeider vidare for å synleggjere kvifor det er naturleg at barn og unge vert sikra moglegheita til å påverke tilsetjinga av lærarar i skolen.

## **3. Arbeide for at barn sine sivile rettar blir sikra i Noreg**

### **Trus- og livssynsfridom**

I 2011 ga Barneombodet eit fyldig innspel til trus- og livssynspolitisk utval, som er sett ned av Kulturdepartementet for å gå gjennom trus- og livssynspolitikken i Noreg. Ombodet ga i innspelet ei rekkje anbefalingar for å sikre barn rett til religionsfridom og vern mot vald og overgrep. Innspelet finst på våre nettsider.

2011 var også året der Barneombodet endelig fekk gjennomslag for sitt krav om at tuktomgrepet som del av oppdraginga skulle bli tatt ut av Bibelen. I den nye bibeloversettinga som kom i november 2011 er tukt erstatta med andre ord fleire stader i Bibelen. Dette er svært gledeleg, fordi det gir eit signal frå kyrkjeleg hald om at vald ikkje skal akseptertast i oppdraginga med grunngjeving i Bibeltekstane.

### **Retten til informasjon**

Etter den 22. juli 2011 var Reidar Hjermandt svært aktiv for å sikre at barn og unge fekk informasjon om det som hadde skjedd på ein velegna måte. Barneombodet brukte nettsidene og sosiale media aktivt til å spreie våre råd om korleis ein skal snakke med barn om katastrofar som hender. Det var mange som fekk nytte av våre råd.

## **4. Arbeide for å sikre barn sine retter i familien og under alternativ omsorg**

### **Barn sine rettar i familien**

#### **Innspelet til handlingsplanen mot vald i nære relasjonar**

I 2011 ga Barneombodet eit fyldig innspel til ny handlingsplan mot vald i nære relasjonar. I innspelet vårt ga vi ei rekke anbefalingar om moglege tiltak i den nye handlingsplanen. Den nye handlingsplanen mot vald i nære relasjonar 2012 er en eittårig plan, og inneheld nokre av våre anbefalingar, men langt frå alle. Vi vil derfor arbeide vidare fram mot stortingsmeldinga som blir lagt fram neste år for at fleire av våre anbefalingar skal bli tatt med i den.

#### **Alarmtelefonen for barn**

Barneombodet har i fleire år arbeidd for at ordninga med ein alarmtelefon for barn skal bli permanent, også i 2011. Det gledde oss derfor stort da det på slutten av året blei klart at alarmtelefonen no er etablert som et permanent tiltak. Da står det berre igjen midlar til god marknadsføring, slik at alarmtelefonen blir kjent blant barn og unge.

#### **Betre undervisning om vald og seksuelle overgrep i skolen**

I april sende vi eit brev til Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet der vi oppfordra til implementering av undervisning om vald og seksuelle overgrep i læreplanane for skolen og barnehagane. Dette er no komme med som eit tiltak i handlingsplan mot vald 2012.

#### **Barn med foreldre i fengsel**

I 2010 hadde Barneombodet ei ekspertgruppe med barn med foreldre i fengsel. Vi publiserte også ein rapport frå denne gruppa med deira anbefalingar. Gruppa fekk komme på besøk til Oslo fengsel for å inspisere besøksrommet i 2011. Barna var ikkje særlig imponert over besøksrommet, og teikna eit forslag til korleis rommet burde sjå ut. Det nye besøksrommet for barn i Oslo fengsel er laga etter modell frå teikningane til barna.

## Barn og samlivsbrot

I løpet av 2011 har Barneombodet arbeidet aktivt med prosjektet «Barnets stemme stilner i stormen - en bedre prosess for barn som opplever samlivsbrudd». Rapporten frå prosjektet vert publisert i mars 2012, og inneheld ei rekkje anbefalingar om korleis ein kan sikre at barna sine stemmer kjem betre fram i samlivsbrotprosessar. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har arbeidd med den same problemstillinga gjennom året, og Ombodet er glad for at departementet set fokus på barn i samlivsbrot. Ombodet vil arbeide aktivt i 2012 med å spreie og få gjennomført anbefalingane frå rapporten.

I 2011 ville bufetat leggja ned Vilde-senteret. Bufetats grunn for ikkje å kjøpe tenester frå Vilde-senteret likna på kva vi har sett i andre saker som dreier seg om avvikling av tiltaksplasser. Plasser leggst ned utan at det sikres at det finnes tilsvarende tenester/ tilbod i kommunane. Barneombudet protesterte mot vedtaket fordi vi frykta, og fryktar framleis, at Bufetat kuttar i sine tenester i en situasjon der det er usemje mellom kommunane og det statlige, regionale barnevernet om fordeling av ansvar og utgifter. Ombudet meiner det er grunn til å påpeke at det er snakk om fagmiljø som er bygget opp over mange år, både i private og offentlige tiltak, og at fagmiljøa raskt går i oppløysning når tiltak leggst ned. Vedtaket om å leggja ned Vilde-senteret blei oppheva.

## Barn under alternativ omsorg

### Ressursar til barnevernet

Barneombodet har ofte uttrykt behovet for eit meir robust barnevern, og var dermed svært tilfreds med at regjeringa innsåg alvoret i situasjonen, og tilførte 240 millionar ekstra til tenesta i 2010. Vi er glade for at disse midlane vart vidareført i 2011. Ombudet var spesielt nøgd med at midlane vart øyremerkta stillingar, slik at kommunane ikkje kunne velje å bruke pengane til andre føremål. Vi ser likevel framleis med bekymring at nokre barnevernkontor er for små, med problem knytt til fleksibilitet, habilitet og fagmiljø. Barneombudet har anbefalt minimum 5 fagstillingar på kvart barnevernkontor. Derfor er vi fornøgde med at Regjeringa hausten 2011 la fram eit barnevernsløft med det same målet.

I 2011 ga Barneombodet eit skriftleg innspel til Raundalen-utvalet, som skulle vurdere det biologiske prinsippet i barnevernet. Barneombudet argumenterte for betring innanfor desse områda:

- Tilgang til barneverntenesta
- Opplysningsplikta til barnevernet
- Informasjon og renommé for barnevernet
- Fleirkulturelle familiar sitt forhold til barnevernet
- Rettsfesting av barnevernlova
- Implementering av barn og unge si rett til medverknad i praksis
- Jamleg opplæring og rettleiing av tilsette i barneverntenesta
- Rettsvern til søsken
- Stabiliserande tiltak for barn som bor utanfor heimen

Vi er veldig fornøgde med at Raundalen-utvalet tok innspel frå Barneombodet med i sin heilskap i rapporten sin. Innspelet vårt er et blitt eit eige vedlegg til vurderingane frå utvalet sine vurderingar, og mange av forslaga våre til tiltak samsvarar med forslaga frå utvalet.

Vi er også svært fornøyde med at departementet skal prøve ut ein modell for betre oppfølging av biologiske foreldre, etter at Barneombodet i 2010 argumenterte for at betre oppfølging av biologiske foreldre vil betre situasjonen for barn i fosterheim. BLD har også gitt signal om at departementet vurderer lovendring, slik at det kan førast tilsyn med Bufetat, noko vi har arbeidd for etter at vi gav ut rapporten «Maktesløst tilsyn» i 2010, om tilsynssystemet i barnevernet, seinast ved eit brev til departementet i oktober 2011.

I 2011 etterkom også departementet kravet vårt om at barn i barnevernet må få studiestøtte på lik linje med andre barn. Tidlegare fekk ikkje barn som bor i fosterheim eller på institusjon støtte til utdanning på lik linje med barn som bur heime hos foreldra. Grunngevinga for at desse barna ikkje skulle få same støtte, var at dei allereie mottar støtte frå barnevernet. Men Barneombodet og Landsforeininga for barnevernsbarn argumenterte for at støtta dei får frå barnevernet er ment å dekke utgifter til livsopphald, ikkje studiar.

No er det slutt på denne ordninga. For skoleåret 2012/2013 inneheld statsbudsjettet midlar til at alle barn skal få studiestøtte, uavhengig om de bur heime eller er under omsorg av barnevernet.

## **5. Arbeide for betre helse for barn**

Barn på sjukehus var ein viktig del av arbeidet vårt for betre helse for barn i 2011. Råda frå ekspertgruppa blei godt mottatt, og Norsk barnelegeforeining meinte at sjukehusekspertane sine råd er obligatorisk lesing for alle barnelegar.

Paulsrud-utvalet skal vurdere dei etiske sidene ved bruk av tvang i psykiatrien i Norge. Barneombodet vende seg til utvalet for å be om at tvang i psykisk helsevern for barn blei tatt med i arbeidet til utvalet. Utvalet avgrensa seg mot barn og unge, og vi vende oss derfor til Helsedirektoratet med den same førespurnaden i direktoratet si gjennomgang av psykisk helsevern for barn og unge. Foreløpig er det ikkje noe som tyder på at dette vil skje, og Ombodet vil derfor fortsette å ha fokus på tvang i psykisk helsevern for barn i 2012 og 2013.

I 2011 ga Barneombodet innspel til *Stortingsmelding om utdanning for velferdstenestene - innhold i fremtidens utdannelse*. I innspelet vårt tok vi opp kor viktig det er at utdanningane i framtida inneheld god informasjon om både barnekonvensjonen, opplysningsplikta til barnevernet, kunnskap om vald og overgrep og samarbeid mellom dei ulike tenestene. Innhaldet i utdanninga er viktig for å sikre at helsearbeidarar og barnevernsarbeidarar forstår kva forpliktingar dei er pålagde etter barnekonvensjonen. Ombodet har i dei siste åra vore spesielt opptatt av tannhelsetenesta si meldeplikt til barnevernet, og vi meiner å ha skapt auka fokus i desse tenestene om kor viktige dei er for å sikre barn mot vald og overgrep.

## **6. Arbeide for betre tilgang til utdanning, fritid og kulturelle aktivitetar**

### **Betre tilgang til tilpassa undervisning og til eit godt skolemiljø**

Barneombodet har 2011 hatt tett kontakt med Kunnskapsdepartementet for å få til ei evaluering av korleis opplæringslova kapittel 9a fungerer i praksis. Lovverket om arbeidsmiljø for barn i skolen er godt, men erfaringa vår er at praktiseringa av regelverket

ikkje held mål. Kunnskapsministeren bestilte ei slik utgreiing frå Universitetet i Oslo, og konklusjonane i rapporten førte til at Barneombodet fekk midlar frå Kunnskapsdepartementet til to og ein halv nye stillingar for å intensivere arbeidet med det psykososiale skolemiljøet. Ombodet har no tilsett to fagrådsgjevarar, og er i ferd med å tilsetje ein medarbeidar i administrasjonen på deltid.

Kunnskapsdepartementet foreslo i 2009 å delegere fullmakt til å utvise elever for ein hel dag til lærarane. Barneombodet var svært kritisk til dette forslaget. I 2011 trakk departementet forslaget tilbake.

### **Betre kunst- og kulturtilbod for barn**

Barneombodet har etterlyst hos Kulturministeren at Kulturdepartementet syter for ein betre heilskapstanke og eit større oversiktsbilde over kunst- og kulturområdet for barn og unge. Det har vært eit tilbakevendande tema gjennom arbeidet Barneombodet har gjort og innspela vi har fått. Barneombodet ga i 2011 innspel til Enger-utvalet som er sett ned for å gå gjennom kulturpolitikken i Noreg. Barneombodet ønskte eit sterkt barneperspektiv hos utvalet, og vi er spente på å sjå kor stor vekt kunst og kultur for barn får i rapporten frå utvalet.

## **7. Arbeide for at barn får spesielle forsvarstiltak**

### **Utlendingsfeltet**

Barneombudet har i 2011 haldt internopplæring for både UDI og UNE om barn utlendingsforvaltninga.

I løpet av året fekk Ombodet fleire meldingar om barn som blei buande i asylmottak i mange år, og som ikkje vart busett i kommunar fordi dei berre fekk avgrensa opphaldsløyve på bakgrunn av fare for kjønnslemlesting. Ombodet vende seg både til UDI, IMDi, Justisdepartementet og BLD om denne praksisen, og praksisen blei endra slik at desse familiane no vert busett i kommunar.

I 2010 sende Ombodet brev til Forsvarsdepartementet med kritiske merknader om deltakinga frå eit afghansk fotballag i Norway Cup. Ombodet meinte at tryggleiken til barna blei sett i fare ved forsvaret si handsaming av blant anna bilde av barna. Departementet evaluerte situasjonen og tok sjølvkritikk.

Ombodet har tidlegare gjort Justisdepartementet merksam på saker der barn utan avklart id slit med å få statsborgarskap. Statsborgarforskrifta er no endra slik at fleire barn med uavklart id får norsk statsborgarskap.

Barneombodet har også vært kritiske til regjeringa si oppretting av eit nytt omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar i Kabul. Det er mange spørsmål som står utan svar om dette senteret, som etter det vi forstår skal opnast snart. Ombodet er no invitert til eit møte i Justisdepartementet for å diskutere saken nærare.

## Barn i konflikt med lova

I 2009 kom ein stor NOU om barn og straff. Barneombudet svarte på ei høyring om denne, og hadde mange anbefalingar om korleis barn i konflikt med lova kan få betre handsaming. Barneombudet har i åra etter arbeidd aktivt for at tilhøva skal bli betre for barn i konflikt med lova. I 2011 sende vi et brev til Audun Lysbakken med ei rekkje spørsmål, og vi deltok også på ei høyring i Stortinget om prop. 135L i 2011. Stortinget vedtok ein ny straffereaksjon kalla ungdomsstraff. Samtidig blei det innført endringar i straffeprosesslova som skjerpar vilkåra for bruk av arrest og varetekt overfor barn. Dette er gledeleg.

Det gjenstår likevel mange uavklarte spørsmål rundt barn i konflikt med lova. Blant desse er tidsperspektivet på opprettinga av eigne barneavdelingar, barnevernet si rolle og retningslinjer for fengsel som har barn som innsette. Ombudet arbeider vidare med desse spørsmåla i 2012.

## Menneskehandel

I løpet av 2011 har Barneombudet deltatt på den internasjonale konferansen om menneskehandel med barn i regi av Østersjørådet og bidrege med innspel til UNICEF Innocenti sin rapport «Child Trafficking in the Nordic Countries: Rethinking strategies and national responses». Basert på førespurnader til kontoret gjennom fleire år, har Barneombudet i 2011 sett i gang eit arbeid for å sjå på ulike sider ved hjelpetilbodet til barn som er kan vere offer for menneskehandel. Meldingar til Ombudet gir særleg grunn til bekymring for kompetansenivået i dei ulike etatane (for eksempel politi og barnevern) og samhandling mellom ulike hjelpeinstansar i enkeltsaker. Dette arbeidet, som blant anna bygger på innsyn i enkeltsaker, fortset i 2012.

## 8. Arbeide for å vidareutvikle og styrke det internasjonale engasjementet hos Barneombudet

Barneombudet engasjerte seg spesielt i spørsmålet om oppretting av barneombod i Armenia i 2011. Ein delegasjon frå parlamentet var på studiebesøk i Noreg, og vi var på gjenbesøk i Armenia for å informere om organisasjonen vår, og diskutere mulige løysingar for ein armensk modell. Vi tar ofte imot delegasjonar frå andre land som ønskjer informasjon om verksemda til Barneombudet. I 2011 tok vi i tillegg til Armenia imot delegasjonar frå Kasakhstan, Georgia, Guatemala, Namibia, Tyskland, Japan, Danmark, Sverige, Russland, Vietnam, Litauen og Sør-Afrika. Vi hadde også besøk av fleire utanlandske journalistar og forskarar som ønskte å intervjuje barneombudet om forskjellige problemstillingar dei var opptatt av. Nestleieren og fagkoordinatoren på kontoret deltok på det årlege møtet for European Network of Ombudspersons for Children i Warsawa i september, og Reidar Hjermand var i India i oktober for å halde foredrag på ein konferanse om vald mot barn.

## 4. Rapportering rekneskap, personalforvaltning med meir

### Regnskap 2011

Regnskap	2008	2009	2010	2011
----------	------	------	------	------

Lønns- og personalkostnader	6 568 000	7 118 000	9 026 000	9 105 000
Maskiner, inventar, utstyr	474 000	123 000	465 000	132 000
Forbruksmateriell	186 000	358 000	447 000	267 000
Reiser, representasjon	477 000	761 000	756 000	523 000
Kontortenester	1 134 000	1 141 000	1 323 000	1 317 000
Informasjon	265 000	309 000	522 000	671 000
Bygningsdrift/lokalleige	1 241 000	1 412 000	1 515 000	1 539 000
<b>Sum</b>	<b>10 345 000</b>	<b>11 223 000</b>	<b>14 054 000</b>	<b>13 554 000</b>

Anna  
rapportering

### Personalforvaltning og internkontroll

Ved utgangen av 2011 utgjorde staben hos Barneombodet 17 personar, inkludert barneombodet sjølv. Ein av dei tilsette var i permisjon, og ein var vikar. Kjønnfordelinga på kontoret var ved utgangen av 2011 10 kvinner og 7 menn mot 14 og 6 året før. Vi har lagt vekt på å oppnå ein jamnare kjønnsbalanse ved kontoret, og dette arbeidet har bore frukter. Vi har også hatt ein ønske om å rekruttere personar med eit anna etnisk opphav enn norsk, og ein av våre tilsette har innvandrarbakgrunn.

### Inkluderande arbeidsliv

I 2011 blei det inngått ein ny avtale om inkluderande arbeidsliv. Arbeidet med og drøftingane rundt denne avtalen bidrog til å forsterke Barneombodet som ei IA-bedrift. Både dei tilsette og leiinga vart meir bevisste på dette gjennom arbeidet med ny avtaletekst og nye rutinar.

Ut frå statistikk frå NAV kan vi sjå utviklinga av legemeldt sjukefråvær dei to siste åra i tabellen under. Tallene viser tapte dagsverk i prosent.

	2010	2011
<b>1.kvartal</b>	7,2	7,6
<b>2. kvartal</b>	2,8	1,6
<b>3. kvartal</b>	14,8	2,7
<b>4. kvartal</b>	8,5	

Vi manglar tall frå 4. kvartal 2011, men som det kjem fram i tabellen er det ei klart positiv utvikling i sjukefråværet hos Barneombodet.

I samarbeid med verneombodet har Barneombodet opna opp for at dei tilsette kan trene ein time i veka i arbeidstida, vi har danna lag som har deltatt i Holmenkollstafetten, kjøpt inn sykklar slik at tilsette kan sykle til møter, og vi arbeider med å legge til rette arbeidsplassane slik at vi kan unngå slitasjeskadar. Dette, saman med systematisk oppfølging av dei tilsette, ser ut til å ha ført til den positive utviklinga vi kan sjå.

### Lærlingar i staten

Barneombodet har vurdert å opne opp for lærlingar i for eksempel kontorfag, men vi har ikkje funne dette hensiktsmessig. Som eit alternativ har vi vore positive til å ta imot praksisstudentar frå høgskole og universitet. Desse studentane har fått rettleiing og



oppfølging, men dei har også produsert eit godt stykke arbeid, og på den måten bidrege til kontorets samla arbeid på ein fruktbar måte.

## Aktivitets- og rapporteringspliktar

### Arbeidet for å fremje likestilling og hindre diskriminering

Barneombodet har hatt eit bevisst forhold til å få ei jamnare kjønnsfordeling ved nyttilsetjingar. Vi har også lagt vekt på å rekruttere medarbeidarar frå etniske minoritetar. Med ein relativt liten og stabil arbeidsstokk er det likevel ikkje rom for dei store snuoperasjonane. Under kapittel 4, Personalforvaltning og internkontroll, har vi skildra utviklinga av kjønnsbalansen ved kontoret.

Ved leige av nye lokale blei det lagt stor vekt på krava til universell utforming. Etter mange år i gamle lokale der tilgjengelegheita var dårlig ivaretatt, er vi no på eit nivå som er svært tilfredsstillande.

### Samfunnstryggleik og beredskap

Via Barneombodet sine nettsider er nestleieren og pressekontakten hos Barneombodet tilgjengelege på mobiltelefon. Desse vil raskt kunne mobilisere ombodet og staben i krisetilfelle. Barneombodet har inga etablert varslingsliste, og ser heller ikkje behov for dette. Barneombodet har flytta inn i nye lokale med utvida skalsikring, blant anna med videokamera på gateplan og tre låste dører før ein kjem inn i lokalet. Dette medfører at vi ikkje har sett i verk andre særskilte tiltak for å sikre lokala mot uvedkommande truande personar. Om behovet derimot skulle melde seg, har vi vore i dialog med Securitas om moglegheita for å få ein vektor inn i lokala på få minuttts varsel. Dette er ei teneste vi må abonnere på, og vi må i så fall gjere ei kost-nytte analyse av dette.

Kontoret har gjennom åra utvikla ein god beredskap slik at vi kan publisere informasjon til barn og unge, føresette og fagfolk når ei krise skulle inntreffe. Seinast kan vi nemne terrorhandlinga 22/7, der vi var raskt ute med råd og rettleiing i å prate med barn om tragediane som kom oss alle så tett inn på livet. Her bygde vi på erfaringane frå for eksempel gisselaksjonen i Beslan og tsunami-tragedia i Sørøst Asia. Publikum har gitt positive tilbakemeldingar på at informasjon blei gjort tilgjengelig så raskt og effektivt.

### Krav om risikostyring

Hovudprinsipp for risikostyringa hos Barneombodet:

1. Risikostyringa skal være integrert i mål- og resultatstyringa.
2. Det skal være klare samanhenger mellom mål, risiko og tiltak.
3. Leiinga skal ta stilling til akseptert nivå på risiko.

Risikostyring er no ein integrert del av alle prosjekt hos Barneombodet.

Leiinga har i tillegg identifisert fire hovudrisikoområde for 2011 på organisasjonsnivå. Vi brukar ei risikomatrix for å vurdere risiko og tiltak fortløpande på leiarmøta kvar veke.

Risikoområde	Risikofaktorar	Konsekvens	Tiltak
--------------	----------------	------------	--------

<b>Flytteprosess - Barneombodet må flytte inn i nye lokale før juli 2012</b>	1. Uro blant dei tilsette over prosessen	Forstyrerar det daglege arbeidet slik at vi ikkje når måla våre	God prosjektstyring og informasjon til alle tilsette
	2. Vi finn ikkje eigna lokale eller tilpassing av lokala blir forsinka og vi må finne midlertidige lokale	Forstyrerar det daglege arbeidet slik at vi ikkje når måla våre	Engasjere ein meklar til å hjelpe til med husjakta
		Kontoret er ikkje klargjort til nytt ombod	Velje bort tilbod der overtakingsdatoen er i 2012 og usikker
<b>Økonomi</b>	3. Store kostnader ved flytteprosessen	Budsjettet sprekker	Halde igjen på andre kostnader
			Vurdere dei billigaste løysingane for møbelinnkjøp/gjenbruke gamle møblar
			Definere tak for leigekostnader
			Søke BLD om tilleggsoverføringar
			Søke BLD om fullmakt til å overskride budsjettet
<b>Personalsituasjon</b>			
Langtidssjukemelde	4. Manglande avklaring på framtidig arbeidsevne	Bruk av vikar framfor tilsetjingar, noko som blir dyrare for oss	Gå i dialog med sjukemelde tilsette og fastlege for å få til ein god avklaringsprosess
	5. Uavklart situasjon varer over tid	Belastning for arbeidsplassen ved at arbeidsoppgåver ikkje blir utførte	Gi støtte i kommunikasjon med nav.
Tilsette føler seg dårleg ivaretatt			
Prosess med Kunnskapsdepartementet om oppretting av nye stillingar på psykososialt skolemiljø	6. Manglande oversikt over forventningane til dei nye stillingane	Utryggleik og uro blant de tilsette	Gi regelmessig informasjon til alle tilsette når leiinga får opplysningar frå KD
		Økonomisk utryggleik	Oppfordre KD til å gi oss så klare signal som mulig, spesielt om økonomiske konsekvensar
		Utryggleik ved behov for større lokale ved	

		flytting	
<b>Kommunikasjon</b>			
Eksternkommunikasjon	7. Feil saker	Ikkje får gjennomslag for måla våre	Kommunikasjonsplan vert utarbeidd
	8. Brukar feil medium		Kursing i innsal
	9. Kommuniserar på feil måte	Svekkar Barneombodet sitt omdømme	God handtering av kommunikasjonsplanen
	10. Kommuniserar på feil tid		
	11. Vert omtala på ein måte som vi ikkje har kontroll over	Svekker Barneombodet sitt omdømme	Informasjonstiltak for å redusere skaden

### Etiske krav i samband med offentlege innkjøp

Barneombodet flytta inn i nye, leigde kontorlokale nær Oslo Sentralbanestasjon 20.12.2011. Vi søkte etter lokale nær kollektivknutepunkt eller i kort gangavstand frå desse. I prosessen med å velje lokale blei det stilt krav om mellom anna universell utforming og miljømessige standardar med omsyn til renovasjon. Vidare vart det stilt krav til ordna forhold når det gjeld skatte- og meirverdiavgiftsinnbetaling, og krav om framlegging av ei HMS-eigenerklæring.

Ordna skatte- og avgiftsforhold var blant krava som også låg til grunn for kjøp av møblar. Vi kan nemne at den eine av leverandørane som ble valt er ei sertifisert miljøfyrtårnbedrift, den andre er medlem av Grønt Punkt Norge.

Dei nye lokala er utstyrt med automatisk slukking av lys etter at arbeidsdagen er slutt. Emballasje og alt avfall som vert produsert på kontoret skal kjeldesortrast. Barneombodet har i løpet av året gått over til berre å bruke kaffi som både er FairTrade og økologisk. Toaletta er utstyrt med spareknapp for å redusere vassforbruket. Ved kjøp av reinhaldstenester for dei nye lokala vil Barneombodet stille etiske og miljøvenlege krav til tilbydarane.

Innanfor IT er det gjort val som reduserar behovet for kjøling av teknisk utstyr. Vi arbeider med å redusere papirforbruket ved å skrive ut på begge sider av arka, gjere færre fargeutskrifter og å gå over til skrivarar med større blekkassetar, i tillegg til at utskriftene ligg på vent til brukaren sjølv er ved kopimaskina og kan starte utskrifta. Blekk til skrivarar og kopimaskiner vert returnert til leverandøren og gjenvunne. Kontoret har også vidareført arbeidet med gradvis å trappe ned papirbasert saksbehandling ved å bruke dei

moglegheitene som ligg i elektronisk saksbehandling i journal- og sakshandsamingssystemet vårt.

### **IKT-arkitektur**

Barneombodet har ikkje vore gjennom større utviklingsprosjekt med tanke på utvikling av nye IKT-løysingar. Det har heller ikkje vore vesentlige endringar av eksisterande system. Barneombodet har likevel sett seg inn i de sju overordna prinsippa innan IKT-arkitektur, og vil legge vekt på desse i utviklingsarbeidet som måtte komme i framtida.

### **Brukarundersøkingar**

Innanfor dei eksisterande budsjetttrammene har det ikkje vore rom for brukarundersøkingar. Ombodet har vore gjennom ein kostbar flytteprosess, og til sommaren vil eit nytt barneombod tiltre. Det vil vere naturleg å drøfte denne saka med et nytt ombod og eventuelt legge opp eit løp for den kommande 6-årsperioden.